



Arkivnr: 2014/10571-5

Saksbehandlar: Marte Hagen Eriksrud

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		22.10.2014
Fylkesutvalet		30.10.2014

Søknad til "Belønningsordningen for bedre kollektivtransport og mindre bilbruk i byområdene" for 2015-2018**Samandrag**

Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og Samferdselsdepartementet inngjekk 20. juni 2011 avtale om tildeling av belønningsmidlar til betre kollektivtransport og mindre bilbruk for perioden 2011-2014. For å sikre kontinuitet i tildeling av midlar frå belønningsordninga søker Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune om ein ny 4-årig avtale for perioden 2015-2018. Søknaden omhandler i hovudsak tiltak innanfor Bergen kommune sine grenser og er utarbeida i tråd med retringslinene for Belønningsordninga.

Søknaden legg til grunn at Bergensprogrammet for transport, byutvikling og miljø vert revidert i tråd med rammeverket for heilskaplege bymiljøavtaler i avtaleperioden 2015-2018.

Samferdselsdepartementet har varsla at ny søknad først vert handsama etter at sluttrapporteringa for gjeldande avtale er sendt over til departementet. Sluttrapporteringa skal sendast innan 31. januar 2015. Fylkesrådmannen vurderer det derimot som viktig at ein ny søknad er handsama politisk og sendt over til Samferdselsdepartementet før gjeldande avtale går ut, altså før utgangen av 2014.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet gir sin tilslutning til vedlagte søknad; «*Søknad 2015-2018: Belønningsordninga for betre kollektivtransport og mindre bilbruk i byområda*».
2. Fylkesutvalet ber om at fylkesrådmannen startar opp arbeide med å førebu forhandlingar om heilskapleg bymiljøavtale i 2015.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.
Fylkesrådmannen, 9.10.2014*

Bakgrunn

Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og Samferdselsdepartementet inngjekk 20. juni 2011 avtale om tildeling av belønningsmidlar til betre kollektivtransport og mindre bilbruk for perioden 2011-2014. Med denne avtalen har Samferdselsdepartementet til saman tildelt 570 mill. kr. (inkludert ein ekstra tildeling på 20 mill. kr. i 2014) til finansiering av tiltak i tråd med retningslinene for belønningsordninga. For å sikre kontinuitet i tildeling av midlar frå belønningsordninga vert sak om ny søknad for perioden 2015-2018 lagt fram til politisk handsaming i Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune.

Organisering av arbeidet med utforming av søknaden

Styringsgruppa for Regionpakke Bergen har hatt det overordna ansvaret for å få på plass ein søknad til belønningsordninga for perioden 2015-2018. I tillegg til styringsgruppa har det vore etablert ei administrativ leiargruppe med følgjande medlemmer; Fylkesrådmannen, Kommunaldirektør for klima, miljø og byutvikling, Avdelingsdirektør i Vegavdeling Hordaland (Svv), Fylkesdirektør for samferdsel og Direktør i Skyss. Sjølvvei søknaden er utarbeida av ei prosjektgruppe med representantar frå Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og Statens vegvesen.

Det er gjennomført to dialogmøter, på administrativ nivå, med Samferdselsdepartementet i samband med utarbeiding av søknaden.

Om utkastet til søknad for 2015-2018

Den nye søknaden bygger vidare på eksisterande avtale og tiltaksplan, og er tett kopla opp mot Bergensprogrammet for transport, byutvikling og miljø. Søknaden er utarbeida for å vidareføre og forsterke den positive utviklinga som har vore og bidra til å løyse konkrete transportutfordringar.

Søknaden legg til grunn følgjande effektmål for fireårsperioden 2015-2018:

Nullvekst i personbiltransporten i Bergen kommune i perioden 2015-2018.

Tiltaksplanen, som presentert i kap. 4, viser det samla arbeidet som er planlagt gjennomført i perioden, og som Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og Statens vegvesen har eit felles ansvar for at vert gjennomført.

Tiltak det vert søkt om belønningsmidlar til

Det vert søkt om 905 mill. kr. i belønningsmidlar for avtaleperioden samla sett. I søknaden er det lagt opp til at endeleg fordeling av midlane på konkrete tiltak vert gjort i samband med årlege plan- og byggeprogram for Bergensprogrammet og Skyss sitt handlingsprogram for Kollektivstrategien. Det vert lagt opp til porteføljestyring - kvart enkelt tiltak vert prioritert etter korleis dei bidrar til å oppfylle effektmålet, tilgjengelege ressursar og kor tid tiltaket kan realiserast – av kva tiltak tildelte midlar frå belønningsordninga skal nyttast til.

Tabellen under er henta frå søknaden. Under tabellen er det spesifisert konkrete tiltak som kan vere aktuelle å bruke midlane på.

Tiltak	2015	2016	2017	2018	2015-2018
Planmidlar; bybane, buss og sykkel	40	30	15	10	95
Utvikling og styrking av kollektivtilbodet	45	50	60	65	220
Terminalar, knutepunkt og haldeplassar - stamlinene	20	20	80	80	200
Framkomsttiltak for buss - stamlinene	20	20	80	80	200
Sykkeltiltak	5	10	55	70	140
Gangetiltak	2	5	15	8	30
Miljøtiltak	2	5	5	8	20
Sum midlar frå belønningsordninga	134	140	310	321	905

Planmidlar; bybane, buss og sykkel

Det er behov for å sikre finansiering av planlegging av kollektiv-, gang- og sykkeltiltak. Planlegging av bybanen, frå Bergen sentrum til Åsane og frå Bergen sentrum via Haukeland universitetssjukehus og Mindemyren til Fyllingsdalen, vert no gjennomført parallelt, noko som har ført til ei auke i plankostnadane. Det er behov for å forsterke satsinga på planlegging som ligg i Prop. 143 S (2012-2013): *Utviding og finansiering av Bergensprogrammet med 3. byggetrinn av Bybanen m.m.*

Utvike og styrke kollektivtilbodet

Både større og mindre tiltak er klare til gjennomføring i fireårsperioden:

- Vidareføre og styrke ruteproduksjon; til dømes til og frå den nye høgskulen på Kronstad og kapasitetsauke med innføring av lengre vogner på Bybanen frå Bergen sentrum til Flesland.
- Vidareføre og styrke informasjon og marknadsføring.
- Kapasitetsaukande tiltak; t.d. fleire bussar på stamlinene og utvikle regionale stamliner i Bergensområdet mellom Bergen sentrum og regionsentra rundt Bergen.

Terminalar, knutepunkt og haldeplassar - stamlinene

Følgjande prosjekt, langs stamlinene, er klare for gjennomføring i fireårsperioden:

- Sentrumsterminalen: betre standarden på terminalen med universell utforming, estetisk opprusting og betre tilrettelegging for bussar og reisande.
- Fyllingsdalen del II: fullverdig løysing for gang- og sykkel, kollektiv, ny terminal for buss og betre tilhøve for drosjer. Tiltaket strekk seg frå Skarphaugen, inklusiv Oasen terminal, opp til Løvås skule.
- Sletten terminal: betre tilhøve for kollektivtrafikken og koplinger mellom buss og bane.
- Innfartsparkering.

Framkomsttiltak for buss - stamlinene

Både større og mindre tiltak langs stamlinene er klare til gjennomføring i fireårsperioden:

- Bygge gjennomgående kollektivfelt og høgstandard sykkelloysing i Fyllingsdalen, saman med nytt kollektivknutepunkt.
- Gjennomføre strekningsvise utgreiingar når det gjeld framkomsttiltak for stamlinjene.
- Etablere eit eige prosjekt om aktiv signalprioritering.

Sykkeltiltak

Både større og mindre tiltak er klare til gjennomføring i fireårsperioden:

- Sykkelveg mot Nordnes: etablering av eit samanhengande sykkelanlegg frå Strandgaten til Nordnes som er ein del av hovudrutenetettet.
- Oppfølging av Sykkelbyavtalen; mobilitetsarbeid for sykkel, «ikkje-fysiske» tiltak, initiere og gjennomføre haldingsskapande tiltak og kampanjar.

- Sykkelvaktmester; Gang- og sykkelgruppa i Bergensprogrammet skal vere ansvarleg for å gjennomføre sykkelveginspeksjonar. I samband med inspeksjonane skal behov for utbetring kartleggast, tiltaksliste utarbeidast og gjennomføring planleggast.
- Sikker sykkelparkering Lagunen
- Bjørgeveien: reguleringsplanar frå sementbrua til Loddefjord er under utarbeiding.
- Gang og sykkelbroen på Nygårdstangen.

Gangetiltak

Bergen kommune har gjennomført ei kartlegging av gangvegar til Bybanen på alle dei tre første byggetrinna av Bybanen (frå Bergen sentrum til Flesland). Tiltaka er av ulik storleik og kompleksitet og vil skape betre tilgjenge til Bybanen, for gåande og syklande. Bergen kommune vil byggje dei prioritere tiltaka det let seg gjere å byggje først, og legge til rette for gjennomføring i den grad det er behov for ytterlegare planlegging.

Miljøtiltak

Både større og mindre tiltak er klare til gjennomføring i fireårsperioden:

- El-bilsatsing som t.d. Grønt energipunkt på Danmarks plass
- Styrke satsinga på miljøvenleg teknologi i bussparken; som t.d. trolley eller andre elektriske bussar og gass/hybrid busser.
- Samkøyring; tiltak for å fremje samkøyring.

Vidare prosess etter politisk handsaming

Innan 31. januar 2015 skal det sendast ei sluttrapportering for gjeldande avtale for perioden 2011-2014.

Samferdselsdepartementet vil tidlegast handsame ny søknad for perioden 2015-2018 etter at sluttrapporteringa for gjeldande avtale er sendt over til departementet. Fylkesrådmannen vurderer det derimot som viktig at ein ny søknad er handsama politisk og sendt over til Samferdselsdepartementet før gjeldande avtale går ut, altså før utgangen av 2014.

Fylkesrådmannen sine merknader

Samferdselsdepartementet legg opp til at ordninga med bypakkar og belønningsordninga så raskt som mogleg skal innlemmast i ordninga med bymiljøavtaler. Statsråden har i tillegg gitt signal om at det kan vere aktuelt å starte opp forhandlingar om ein bymiljøavtale i Bergen i 2015. I søknaden til belønningsordninga for perioden 2015-2018 er det difor lagt til grunn at Bergensprogrammet for transport, byutvikling og miljø vert revidert i tråd med rammeverket for heilskaplege bymiljøavtaler i avtaleperioden 2015-2018.

Samferdselsdepartementet vil tidlegast handsame den nye søknaden etter at sluttrapporteringa for gjeldande avtale er sendt over til departementet. Sluttrapporteringa skal sendast innan 31. januar 2015. Fylkesrådmannen vurderer det likevel som viktig å sikre at ein ny søknad er handsama politisk før utgangen av 2014, altså før gjeldande avtale går ut.